

10

1

HELSE ●●● VEST

ÅRSRAPPORT



10

10



INNHALD

Leiar	4
Viktige hendingar 2010.....	6
Føretaka i nøkkeltal.....	8
Styret og leiinga	10

Årsmelding 2010	11
Resultatrekneskap	17
Balanse.....	18
Kontantstraumoppstilling ...	20
Notar	21
Revisjonsmelding 2010	34

HELSE  VEST

HELSE FØRDE
HELSE BERGEN
HELSE FONNA
HELSE STAVANGER
SJUKEHUSAPOTEKA VEST
HELSE VEST IKT AS

Vår visjon er å fremme helse og livskvalitet

DETTE ER HELSEREGIONEN I VEST



- **Helse Vest RHF (regionalt helseføretak)** har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- **Helse Vest RHF eig fem helseføretak;** Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Stavanger og Sjukehusapoteka Vest, i tillegg til Helse Vest IKT AS.
- Helseføretaka har **29 700 medarbeidarar, omfattar rundt 50 sjukehus og institusjonar og yter helsetenester til drygt 1 million innbyggjarar.**
- Budsjettet for 2011 er på 20,5 milliardar kroner.

2010 ER DET BESTE ÅRET SÅ LANGT

2010 har vore eit veldig bra år for Helse Vest. Vi har oppnådd mykje på kvalitet, pasienttryggleik og fått orden på økonomien for andre år på rad. Eg er no styreleiar i Helse Vest på sjette året, og resultatmessig er 2010 det beste året så lenge eg har vore med.



Det er først og fremst pasientane som får glede av resultatane gjennom eit stadig betre tilbod i spesialisthelsetenesta. Dei gode resultatane kjem takka vere ein formidabel innsats frå alle som jobbar i helseføretaka i Helse Vest. Eg merkar ein form for entusiasme, eit genuint ønske om å betre helsetenestene. Dette har blitt meir og meir tydeleg gjennom åra, og det er ikkje styra, direktørane eller andre enkeltgrupper som har oppnådd dei gode resultatane. Det er alle dei 29 700 medarbeidarane som har fått det til i fellesskap.

Når det gjeld arbeidet med å sikre høg kvalitet på behandlinga og betre pasienttryggleiken i sjukehusa er det gjort veldig mykje bra i 2010. Det gir no resultat. Men vi kan alltid bli betre og skal blant anna delta aktivt i den nasjonale pasienttryggleikskampanjen. Både nasjonalt og regionalt blir det satsa på dette, både med menneskelege ressursar og økonomiske midlar.

I 2010 starta arbeidet med å revidere den felles strategien for sjukehusa på Vestlandet, Helse2020. Det gler meg å sjå det store engasjementet, og eg er stolt av det vi har fått til så langt. Det er kjekt at det ikkje er ein plan som er blitt lagt ned i ein skuff, men at tiltaka som er skisserte i planen faktisk blir gjennomførde.

Det er likevel ikkje er mangel på utfordringar framover. Omstilling og forbetring er meir regelen enn unnataket i vår bransje. Det handlar om å tilpasse seg endringar i behov hos pasientane, endringar i sjukdomsbiletet og utviklinga innan behandling, diagnostisering og systematikk for dette. Vi må aldri lene oss tilbake og tenkje at jobben er gjort.

To hovudutfordringar for 2011 vil dreie seg om å få ned ventetidene til eit gjennomsnitt på 65 dagar og å kvitte seg med alle fristbrot. Dette har aller mest med servicen til pasientane å gjere, men det handlar og om omdømmet til Helse-Noreg. Vi er avhengige av å ha tillit i befolkninga og blant pasientane våre. Då er vi nøydde til å levere på desse punkta.

Det blir og viktig å stabilisere økonomien og sikre balanse for framtidige år. Det er der vi er no. Vi må få stabilitet i investeringsprosjekta. Det er kjempeviktig skal vi sikre at sårt trengde nybygg, medisinsk-teknisk utstyr og andre investeringar kan skje i tråd med planane.

Eg er også oppteken av å førebu Samhandlingsreforma som kjem for fullt i 2012.

2011 blir eit år for å intensivere dialogen og samarbeidet med kommunane i påvente av kva som kjem gjennom Samhandlingsreforma. Vi har allereie starta dialogen, men det blir viktig og nødvendig med fleire møte, meir dialog og behovs- og forventningsavklaringar mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Godt samarbeid vil vere eit suksesskriterium for heile reforma.



Styreleiar i Helse Vest, Oddvard Nilsen

– EG MERKAR EIN FORM FOR ENTUSIASME,
EIT GENUINT ØNSKE OM Å BETRE HELSETENESTENE.

VIKTIGE HENDINGAR GJENNOM ÅRET 2010



Føretaka i Helse Vest sparte i 2010 i overkant av 10 millionar kroner på felles innkjøp. I tillegg kjem gevinstar i form av kvalitetsheving på enkelte produkt der ein betaler same pris, men får produkt av høgare kvalitet.



Føretaksgruppa i Helse Vest nådde i 2010 målet om at det totale sjukefråværet ikkje skulle overstige 5,5 prosent. Det samla sjukefråværet var ved utgangen av 2010 redusert med 27 452 sjukefråværsdagsverk. Ifølgje tal frå NAV for tredje kvartal 2010 er det sjukemelde fråværet for helse- og sosialsektoren på 8,1 prosent. Føretaksgruppa i Helse Vest har til samanlikning 5,4 prosent. Dette er det beste resultatet innan sektoren.



Helse Vest delte i 2010 ut 5 millionar kroner i samhandlingsmidlar til ulike samhandlingsprosjekt i helseføretaka og i private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest. Tildelinga var eit ledd i å understøtte samhandlingsreforma.



I 2010 har det vore ei positiv utvikling i befolkninga sin tillit til sjukehusa. 80,3 prosent svarte at dei hadde svært eller ganske stor tillit, mot 79,5 prosent året før. Prosentdelen som hadde meget eller ganske godt inntrykk av det regionale føretaket auka frå 57,5 prosent i 2009 til 58,5 prosent i 2010. September 2010 var den beste målinga nokonsinne med heile 62 prosent som hadde eit meget eller ganske godt inntrykk av det regionale føretaket.



Helse Vest har inngått nye avtaler innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusavhengige (TSB). Dei nye avtalene vil gi eit klart betre tilbod til rusavhengige i regionen. Nye og sakna tilbod som akutte tenester i krisesituasjonar, ambulante tenester og døgnplassar for stabilisering og utgreiing kjem på plass. Det polikliniske tilbodet blir betydeleg styrka, og alle institusjonane blir døgnbemanna med helsepersonell.

FEBRUAR

Helse Vest i økonomisk balanse

For første gong sidan overtakinga av spesialisthelsetenesta i 2002, melder Helse Vest om eit økonomisk resultat i balanse. For 2009 er det eit positivt resultat for regionen på i overkant av 147 millionar kroner. Det er 94 millionar betre enn budsjett.

Kvalitetsprisen til lungelege

Overlege PhD Christian von Plessen (45) blir tildelt Helse Vest sin kvalitetspris for 2010. Han får prisen for sitt arbeid for kvalitetsforbetring gjennom fleire år ved lungeavdelinga ved Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen.

APRIL

Helsemyndighetene i beredskap ved vulkansk

Nasjonale helsemyndigheter og dei regionale helseføretaka blir sett i beredskap i samband med oskeskya frå vulkanutbrotet på Island som bles inn over delar av landet. – Vi skal gjere alt vi kan for at stans i ambulanseflygingar og eventuell luftforureining skal få så få konsekvensar som mogleg, seier helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen.

MAI

Ny felles elektronisk pasientjournal

Etter ei veker drift med nytt elektronisk pasientjournalssystem i Helse Bergen, viser erfaringane at overgangen har gått greitt. Den nye løysninga vil danne basis for ein elektronisk arbeidsdag for omlag 10 000 brukarar.

Ny direktør i Helse Stavanger

Bård Lilleeng blir tilsett som administrerande direktør i Helse Stavanger HF.

Bård Lilleeng kjem frå stillinga som viseadministrerande direktør i Helse Sør-Aust. Han har solid utdanning og erfaring og kjenner sjukehusystemet godt gjennom stillingane han har hatt.

JUNI

Nye rehabiliteringsavtaler

Helse Vest gir tilkjenne kva for private rehabiliteringsinstitusjonar det er ønskeleg å inngå avtaler med. Avtalene har ein årleg verdi på vel 130 millionar kroner. I konkurransen er det lagt vekt på å styrkje fagkompetansen og bemanninga,

blant anna ved å auke legedekninga. Rehabiliteringskapasiteten i regionen blir gjennom denne anbodskonkurransen oppretthalden, samtidig som kvaliteten på tenestene blir betre.

Regionale brukarutval - ny samansetjing

Styret i Helse Vest RHF sluttar seg til organisasjonane sitt forslag til nye medlemmar i det regionale brukarutvalet for 2010-2012.

Det blir også vedteke at administrasjonen i Helse Vest, i samarbeid med brukarutvalet, skal gjere ei vurdering av systemet for oppnemning av brukarutvalets medlemmar, særleg med fokus på korleis rusområdet kan bli betre representert og om store organisasjonar utanom samanslutningane skal ha eigen representasjon.

9,3 millionar til samhandling i vest

16 prosjekt over heile Vestlandet får totalt 9,3 millionar kroner til samhandling i helsevesenet. Regjeringa har sett av totalt 73 millionar kroner til dette formålet på landsbasis.

Nye kirurgiavtaler 2010-2012

Etter anbodskonkurransen kjem alle dei nye kirurgiavtaler på plass. Dei siste avtalene som blir klare, gjeld generell kirurgi, urologi og ikkje-kosmetisk plastisk kirurgi.

Tidlegare har Helse Vest gjort kjent kven som har fått avtale innanfor områda augekirurgi, ortopedi og rygg, i tillegg til ordninga "Raskare tilbake".

SEPTEMBER

9 prosjekt får samhandlingsmidlar

Helse Vest deler ut 5 millionar kroner til 9 prosjekt i regionen for å stimulere til auka samhandling mellom sjukehusa og kommunehelsetenesta.

OKTOBER

Nye tiltak skal få ned ventetidene

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å setje i verk ei rekkje tiltak for å forbetre rutineane for behandling av tilvisingar, forbetre administreringa av ventelister og fjerne fristbrot. Det er skissert ei rekkje tiltak som skal gjennomførast for å stanse nye fristbrot, samtidig som pasientar kontinuerleg skal få den helsehjelpa dei har krav på.

To forskningsprisar innan nevrologi

Harald Aurlien og Charalampos Tzoulis vinn kvar sin forskningspris ved den årlege

regionale forskingskonferansen i Helse Vest. Aurlien mottok den nyoppretta innovasjonsprisen, mens Tzoulis får prisen tileigna yngre forskarar.

NOVEMBER

– Eit betre tilbod til rusavhengige

Helse Vest inngår nye avtaler med private ideelle institusjonar om tverrfagleg spesialisert behandling for rusavhengige (TSB). Nye og sakna tilbod som akutte tenester i krisesituasjonar, ambulante og oppfølgjande tenester og døgnplassar for stabilisering og utgreiing kjem på plass. Det polikliniske tilbodet blir betydeleg styrka, og alle institusjonane blir døgnbemanna med helsepersonell.

– Dei nye avtalene vil gi eit klart betre tilbod til rusmiddelavhengige. Gjennom anskaffinga legg Helse Vest inn 24 nye millionar i behandlingstilbodet, seier administrerande direktør Herlof Nilssen i Helse Vest.

DESEMBER

Endringar i tenestetilbodet vedteke

Helse Vest vedtek i styremøte samrøystes ein ny modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde. Modell 2 inneber at lokalsjukehusa i Eid og Lærdal blir vidareførte med tilpassa funksjonar. I arbeidet med modellen har det vore viktig å kome fram til ei løysing som skal dekkje heile "sørgje for"-ansvaret og som støttar kravet til fagleg god verksemd. Det blir etablert ny verksemd knytt til poliklinikk innanfor fleire fag.

10 millionar til ventetidstiltak i helseføretaka

Helse Vest gir 10 millionar kroner fordelt på helseføretaka som kompensasjon for å ha sett i verk tiltak for å få ned ventetidene og redusere talet på fristbrot. Det gjeld blant anna kveldsopne poliklinikkar og ekstra poliklinikkar.

HELSE VEST IKT AS



ILLUSTRASJONSFOTO: GETTY IMAGES

Helse Vest IKT AS er totalleverandør av IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest. I seks år har selskapet arbeidd for å betre helsetenesta med innovativ bruk av tekniske løysingar i helseføretaka i regionen.

Helse Vest IKT AS har 264 medarbeidarar fordelt på sjukehusa i Stavanger, Haugesund, Stord, Odda, Voss, Bergen og Førde. Føretaket leverer IKT-tenester til alle helseføretaka i regionen. Styreleiar for Helse Vest IKT AS er Herlof Nilssen. Erik M. Hansen er administrerande direktør.

HELSE STAVANGER



FOTO: FINNOVETNISEN

På seinsommaren 2010 starta Vathany Minet og Sita Hoff sin arbeidspraksis på Stavanger Universitetssjukehus som ledd i eit unikt samhandlingssprosjekt mellom Helse Vest RHF, NAV og Rogaland fylkeskommune. Målet var å rekruttere fleire hender til helsefagarbeidarfaget, og kvinnene vart handplukka frå innvandrarmljøa i Stavanger-regionen.

Helse Stavanger har ansvaret for spesialisthelsetenesta i det sørlege Rogaland. Helseføretaket sin administrasjon held til ved Stavanger Universitetssjukehus. Styreleiar i Helse Stavanger er Oddbjørg A. Starrfelt. Administrerande direktør er Bård Lilleeng.

HELSE FONNA



FOTO: METI ALSJØK

Valen sjukehus i Helse Fonna feira 100-årsjubileum i 2010. Pasient Odd Asbjørn Bergsvik (55) fann roa der etter 30 år inn og ut av ulike institusjonar.

Helse Fonna har hovudsete i Haugesund og skal gi spesialisthelsetenester til innbyggjarane i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Styreleiar i Helse Fonna er Toralv Mikkelsen og Kari Ugland er administrerande direktør.

	2010*	2009	2008	2010*	2009	2008
Folketal	333 310	326 550	320 094	172 367	170 400	168 798
Gjennomsnittleg tal på tilsette	7 194	7 395	6 665	4 021	5 122	4 679
Driftsinntekter i heile 1 000 kroner	4 377 222	4 385 309	4 034 771	2 420 776	2 513 427	2 277 263
Somatikk:						
DRG-produksjon (ISF)	62 836**	55 650	54 736	36 216**	29 417	28 210
Døgnopphald	42 848	41 224	41 260	28 823	25 337	24 879
Dagopphald/dagkirurgi	31 982	35 398	33 417	12 444	15 603	14 064
Polikliniske konsultasjonar	224 796	217 295	205 988	108 086	111 869	97 713
Psykiatri:						
Opphaldsdøgn	90 510	89 647	81 536	44 575	44 735	50 748
Opphaldsdagar, dagpasientar	1 747	2 055	1 582	180	309	1 204
Polikliniske konsultasjonar	112 978	109 468	88 525	54 986	50 996	47 254
Rusbehandling:						
Opphaldsdøgn, inkl. private	21 930	19 978	17 933	11 618	10 237	9 782
Polikliniske konsultasjonar	21 345	14 279	11 575	6 575	6 129	5 362

* Somatiske tal for 2010 og tidlegare år er ikkje direkte samanliknbare. Dette skuldast i hovudsak endringar i innsatsstyrt finansiering (ISF) i 2010. I 2010 er all poliklinisk aktivitet finansiert via ISF, noko som gjer at fordelinga mellom poliklinisk behandling og dagbehandling er endra. Då nasjonale tal for 2010 heller ikkje var klare ved trykkstart, er og datakjeldene i 2010 og 2009 forskjellige.

** Inklusive DRG-poeng for poliklinisk aktivitet i 2010 grunna omlegging av innsatsstyrt finansiering (ISF).

HELSE BERGEN



I september opna eit nytt treningstilbod til kreftpasientar i Helse Bergen. I "Pusterommet" trenar kreftpasientar saman med likesinna.

Helse Bergen administrerer sjukehus og institusjonar i Midt- og Nord-Hordaland.

I Helse Bergen er Ranveig Frøiland styreleiar og Stener Kvinnsland administrerende direktør. Føretaksleiinga held til ved Haukeland universitetssjukehus.

2010*	2009	2008
414 650	408 130	401 363
11 547	11 684	11 291
7 411 775	7 353 857	6 728 891
101 725**	93 826	92 464
69 786	61 776	62 868
22 399	43 396	39 971
296 948	289 369	281 274
99 946	101 557	114 654
8 374	7 518	9 270
98 078	84 014	83 657
45 226	45 008	43 916
14 859	15 498	13 748

HELSE FØRDE



Helse Førde reduserte talet på fristbrot med nær 400 siste halvår 2010, og var nær null fristbrot ved utgangen av året. Talet på fristbrot i norske helseføretak har vore høgt dei siste åra, og Helse Vest sette inn strakstiltak og skjerpa krava opp mot helseføretaka tidleg på hausten. Helse Førde var det første av føretaka i vest til å nå nullen når det gjeld fristbrot.

Helse Førde har ansvar for spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane. Styreleiar i Helse Førde er Clara Øberg. Jon Bolstad er administrerende direktør. Føretaksleiinga held til ved Førde sentralsjukehus.

2010*	2009	2008
107 742	107 080	106 259
3 138	3 595	3 742
1 959 418	2 010 404	1 876 603
25 917**	20 817	20 862
18 169	17 099	17 711
10 004	10 501	10 131
110 623	107 758	102 003
21 186	24 046	27 423
1 743	2 242	1 825
33 511	33 242	30 812
4 903	5 219	–
2 534	2 144	1 815

SJUKEHUSAPOTEKA VEST



– Det viktigaste Sjukehusapoteka Vest skal forske på, er legemidlar og pasienttryggleik. For eksempel når det gjeld legemidlar og eldre, kan vi bli mykje betre, seier forskingsleiar Gro Anita Fønnes Flaten. I 2010 var ho sterkt medverkande til å få på plass ein handlingsplan for forskinga i føretaket.

Sjukehusapoteka Vest administrerer sjukehusapoteka i Stavanger, Haugesund, Bergen og Førde. Ragnhild Osmundsen er styreleiar for Sjukehusapoteka Vest, mens administrerende direktør er Jannicke Daae Tønjum.

2010	2009	2008
226	217	205
706 860	645 738	608 562
Driftskostnader 16 184	638 905	600 337
Årsresultat 24 583	7 318	9 385
Eigenkapital 62 224	37 641	30 323
Totalkapital 166 150	147 772	137 556

- Helse Vest RHF har i tillegg driftsavtaler med ei rekkje privatpraktiserande spesialistar, private sjukehus og institusjonar (ideelle og kommersielle) om utgreiing og behandling av pasientar.
- I tillegg kjem kjøp av gjesteplassar utanfor Helseregion Vest. Innan rusomsorga blei det kjøpt gjesteplassar for til saman 105,5 millionar kroner i 2009. Det er ein reduksjon på om lag 10 millionar samanlikna med 2008, og er i tråd med målsetjinga om at fleire pasientar skal få behandling i eigen helseregion.
- For rusbehandling inngår tal frå private leverandørar i føretaksområda. Gjeld alle typar opphaldsdøgn. For 2007 er gitt tal for enkeltpasientkonsultasjonar. For 2008 og 2009 er gitt tal for direkte tiltak i poliklinikk.



STYRET I HELSE VEST RHF



Oddvard Nilsen
Styreleiar
Stortingsrepresentant for Hordaland og Høgre frå 1993 - 2005. Styremedlem ved Norges Handelshøyskole. Har arbeidd 28 år i skulen og kjem frå Askøy.



Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar
Avdelingsleiar i Aker Solutions. Gruppleiar for Arbeiderpartiet i Stord kommune og nestleiar i Stord Ap. Frå Stord.



Ohene Aboagye
Leiar for integrerings- og mangfoldsdirektoratet Vest. Utdanna innan helseadministrasjon frå Universitetet i Oslo. Frå Bergen.



Gunnar Berge
Stortingsrepresentant for Rogaland og Ap 1969-1993. Finansminister 1986-1989 og kommunalminister 1992-1996. Direktør for Oljedirektoratet frå 1997 til 2007. Frå Stavanger.



Gerd Dvergsdal
Ordførar i Jølster kommune for Sp. Frå Skei i Jølster.



Gisle Handeland
Nærings-/tiltakssjef i Fedje kommune og gruppleiar for Ap si fylkestingsgruppe i Hordaland. Tidlegare fylkesordførar i Hordaland. Frå Fedje.



Kjartan Longva
Ordførar i Høyanger kommune sidan 1995. Bakgrunn som lektor, inspektør og rektor ved vidaregåande skule, i tillegg til fleire politiske verv.



Torhild Selsvold Nyborg
Fylkesordførar i Hordaland for KrF. Tidlegare høgskulelektor. Frå Fjell kommune.



Gro Skartveit
Fylkestingsrepresentant i Rogaland for Venstre. Leiar for Veilednings-senteret for pårørende (vedrørende rus og kriminalitet). Frå Finnøy.



Aslaug Husa
Vald av og blant dei tilsette
Hjelpeleiar og konserntillitsvald for LO, Helse Vest RHF. Frå Sola.



Reidun Johansen
Vald av og blant dei tilsette
Oversjokeleiar, Helse Stavanger. Frå Sandnes.



Lise Karin Strømme
Vald av og blant dei tilsette
Jordmor og konserntillitsvald for Unio, Helse Vest RHF. Frå Bergen.



Tom Guldhav
Vald av og blant dei tilsette
Overlege, Helse Førde. Frå Førde.

ORGANISASJONSKART



LEIARGRUPPA I HELSE VEST RHF



Herlof Nilssen
Administrerende direktør
Tidlegare rådmann i kommunane Sveio og Randaberg, og administrerende direktør i Haga Nor.



Bente Aae
Kommunikasjonsdirektør
Tidlegare kommunikasjonssjef i Subsea 7 Norway og informasjonssjef i Stavanger 2008 IKS.



Hilde Christiansen
Personal- og organisasjonsdirektør
Tidlegare prosjektdirektør i Peder Smedvik AS og konserndirektør i Scana Industrier asa.



Ivar Eriksen
Eigardirektør
Tidlegare konsernadvokat i Helse Vest RHF.



Per Karlsen
Økonomi- og finansdirektør
Tidlegare budsjettsjef og økonomisjef i Sandnes kommune.



Baard-Christian Schem
Fagdirektør
Tidlegare overlege ved Kreftavdelinga i Helse Bergen.

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2010

2010 har vore eit innhaldsrikt år med høg aktivitet i heile helseregionen. Gjennom målretta og systematisk arbeid kan føretaksgruppa i Helse Vest vise til ei rekkje positive resultat innan så ulike område som økonomi, kvalitet, pasientbehandling, forskning, strategi, innkjøp og organisasjonsutvikling.

Dei felles måla for helseføretaka i vest er:

- Trygge og nære helsetenester
- Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk
- Ein framtidretta kompetanseorganisasjon

Helse Vest har det overordna ansvaret for at oppgåvene til helseføretaka blir løyste i samsvar med helsepolitiske mål og prioriteringar innan dei økonomiske rammene og ressursane Helse Vest disponerer. Formålet med all aktivitet i Helse Vest er å sørge for at pasientane får eit så kvalitativt godt tilbod som mogleg. Oppgåvene skal løysast på ein måte som sikrar pasientane trygg, effektiv og likeverdig behandling av høg kvalitet. Helsetenestene skal medverke til god helse, livskvalitet og fremme pasientane si eiga meistring.

Sjølv om det er vanskeleg å måle effekten av helsetenester er det gode indikasjonar på at helsetilstand og livskvalitet i befolkninga blir betre, og at spesialisthelsetenesta bidreg til dette. Levealderen aukar systematisk. Det er også eit uttrykk for at folk lever betre. Sjølv om god helsekvalitet er resultat av ei rekkje faktorar, er det all grunn til å rekne med at eit godt helsetilbod er eit viktig bidrag.

Selskapsstruktur og eigarforhold

Helse Vest RHF er 100 prosent statleg eigd, og er eigar av helseføretaka Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Helse Stavanger, Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest IKT AS. Føretaksmøtet er det øvste organet i Helse Vest RHF. Både Helse Vest RHF og dotterføretaka har egne styre. Dotterføretaka driv dei offentleg eigde sjukehusa og tilhøyrande institusjonar i sine geografiske område. Sjukehusapoteka Vest driv dei fire sjukehusapoteka i regionen.

Leiinga for føretaksgruppa held til på Forus i Stavanger kommune. Dotterføretaka er lokaliserte med sin hovudadministrasjon i Stavanger (Helse Stavanger), Haugesund (Helse Fonna), Bergen (Helse Bergen, Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest IKT AS) og Førde (Helse Førde).

Helse Vest RHF hadde per 31. desember 2010 driftsavtaler med 281 privatpraktiserande spesialistar, 129 innan somatikk og 152 innan psykisk helsevern. Desse fekk driftstilskot frå Helse Vest RHF. I tillegg hadde det regionale helseføretaket driftsavtale med sju private ideelle sjukehus og institusjonar innan somatikk og psykiatri, 14 private rusinstitusjonar og fem private rehabiliteringsinstitusjonar. For å auke kapasiteten innan område der det er lang ventetid, er det inngått avtaler om dagkirurgi med private tilbydarar. Ved utgangen av 2010 hadde Helse Vest avtaler med fire private spesialistar og fem private kommersielle klinikkar og sjukehus. I tillegg har Helse Vest RHF avtaler med seks private laboratorium og røntgeninstitutt.



Verksemd og føremål

Helse Vest RHF har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) fastset mål og forventningar gjennom det årlege oppdragsdokumentet.

Basert på oppdragsdokumentet frå HOD og protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF, utarbeider Helse Vest eit årleg styringsdokument som regulerer forholdet mellom det regionale føretaket og dotterføretaka. Dokumentet skisserer prioriteringar og legg føringar for kva for oppgåver dotterføretaka skal gjennomføre.

Styret har i arbeidet sitt vore særleg opptatt av sjukehusa og institusjonane sine hovudoppgåver, som er:

- Pasientbehandling
- Utdanning av helsepersonell
- Forsking
- Opplæring av pasientar og pårørande

Målet med dette arbeidet er å fremme helse og livskvalitet blant innbyggjarane i helseregionen. Helse Vest skal gjere dette i samarbeid med brukarane av tenestene.

Kvalitet

God kvalitet på helsetenestene er utgangspunktet for all verksemd i Helse Vest. Den heilskaplege strategiplanen for kvalitetsarbeid i Helse Vest ligg til grunn for både den overordna retninga som blir gitt i føretaksplanen, og for konkretiserte tiltak i langtidsplanen. Utgangspunktet for kvalitetssatsinga er at ei god helseteneste kan bli enda betre.

Helse Vest heldt i 2010 fram det langsiktige og heilskaplege arbeidet med kvalitet i regionen. Kvalitetssatsinga har eit sterkt fokus på den pasientnære verksemda og stimulerer til å vidareutvikle ein kultur der kvalitetsarbeid i endå større grad blir ein del av den daglege verksemda i sjukehusa.

I 2010 blei det sett av 15 millionar kroner til arbeid med kvalitetssatsinga. Midlane blei mellom anna brukt til ni ulike felles regionale prosjekt innanfor temaområda "kunnskap som grunnlag for fagleg verksemd", "pasientfokus", "pasienttryggleik" og "måling av resultat". Helse Vest fordelte i 2010 for fjerde gong ut midlar til mindre lokale kvalitetsutviklingsprosjekt. Til saman 3,5 millionar kroner blei delt ut til 30 såkornprosjekt med ei lang rekke ulike tema. Det blei også arrangert eit regionalt seminar om kvalitetsregister, ein kvalitetskonferanse og det blei delt ut ein kvalitetspris.

Ventetider og fristbrot

Helse Vest RHF har saman med helseføretaka arbeidd målretta i 2010 med å redusere talet på fristbrot og ventetidene til behandling i spesialisthelsetenesta.

Dette har blant anna blitt handtert gjennom eit eige ventetidsprosjekt. Prosjektet har hatt fokus på å etablere gode rutinar for handtering av tilvisingar, vurdering og oppfølging av pasientar for å sikre at pasientar med eksisterande fristbrot får behandling og at nye fristbrot ikkje oppstår.

Talet på ventande med fristbrot og talet på nye fristbrot som blir genererte kvar månad har peika nedover etter at ventetidsprosjektet starta. Frå august til utgangen av desember er talet på fristbrot meir enn halvert og låg per 31. desember på 8 prosent. Det er ein nedgang på 9 prosentpoeng frå august. Planen er at innan juni 2011 skal fristbrot berre skje unntaksvis.

Fristbrota som var registrerte per 1. desember 2010 var i hovudsak knyttet til polikliniske tenester og Helse Vest fordelte i desember 10 millionar kroner på helseføretaka som kompensasjon for ekstra tiltak for å kunne gi desse pasientane eit tilbod så raskt som mogleg.

Tiltaka i ventetidsprosjektet viser også igjen på ventetidene til behandling i spesialisthelsetenesta. Ved utgangen av 2010 var den gjennomsnittlege ventetida for behandla pasientar 77 dagar. Ventetida for pasientar med prioritet var kortare enn for pasientar utan prioritet.

Korridorpasientar

At pasientar må liggje på korridor er uverdig både for pasientane og dei pårørande. Dette representerer også eit problem for tryggleiken til pasientane og arbeidsmiljøet for dei tilsette. Korridorane skal berre unntaksvis, og ikkje som ein del av den ordinære drifta, nyttast som pasientrom.

Det har vore ei tett oppfølging av bruk av korridor plassar i føretaka også i 2010. Særleg gjeld dette psykisk helsevern i Helse Bergen og innanfor somatiske tenester i Helse Stavanger. Begge helseføretaka har etter påtrykk frå Helsetilsynet og Helse Vest, prøvd å redusere bruken av korridor plassar, og i periodar har dette lykkast. I dei periodane kor ein slit med å nå målet, er det og svært mange utskrivingsklare/ferdigbehandla pasientar som ventar på at kommunen skal ta imot dei.

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern er eit prioritert område i Helse Vest. Den gjennomsnittlege ventetida for behandla pasientar innan psykisk helsevern for vaksne var ved utgangen av året 60 dagar. For behandla pasientar innan psykisk helsevern for barn og unge, var den gjennomsnittlege ventetida ved utgangen av året 67 dagar. Ventetida for pasientar med prioritet var kortare enn for pasientar utan prioritet.

Helse Vest RHF har i 2010 påbegynt ein regional forpliktande handlingsplan for riktig og redusert bruk av tvang. Hovudfokus i planen er å fremme mest mogleg frivillig behandling, og kvalitetssikre den tvangen som blir utøvd. Alle helseføretaka er og i gang med å utarbeide eigne lokale tiltaksplanar. Det er i tillegg sett i gong eit prosjekt for å sikre god registrering av alle aktivitetsdata innan psykisk helsevern for vaksne og registrering av bruk av tvang. Målet er å få til god datakvalitet slik at ein kan følge utviklinga.

Målet om 5 prosent dekningsgrad innan barne- og ungdomspsykiatrien ser ut til å vere innan rekkjevidde. Helse Førde og Helse Fonna oppgir å ha nådd målet, Helse Bergen har 4,5 prosent dekningsgrad, mens Helse Stavanger ikkje har oppgitt tal på dette. Styret forventar at helseføretaka arbeider aktivt for å betre tilbodet og redusere ventetida for barn og unge med psykiske lidningar. Dette må gjerast med tilføring av nødvendig behandlarkapasitet og kompetanse, og ved å sikre effektiv utnytting av ressursane. Helse Vest RHF tilførte i 2010 ei ekstraløyving til psykisk helse for barn og unge slik at ventetidsgarantien kan bli innfridd.

Rusbehandling

Tverrfagleg spesialisert rusbehandling har vore eit satsingsområde for Helse Vest også i 2010. Dette har blant anna resultert i fleire nye behandlingssjansar i alle helseføretaka. Ein har i 2010 lagt til rette for at alle helseføretaka sjølve skal ha ansvaret for pasientar i legemiddelassisteret rehabilitering (LAR) frå 2011. I tillegg er to einingar under etablering i Helse Bergen og Helse Stavanger for å ta imot pasientar som treng eit tilbod etter § 6-2 (tilbakehald av personar med rusmiddelproblem) og § 6-2a (tilbakehald av gravide personar med rusmiddelproblem) i sosialtenestelova.

For å supplere tilbodet til rusmiddelavhengige i helseføretaka gjennomførte Helse Vest i 2010 ei stor anskaffing for kjøp av tenester frå private ideelle leverandørar. Dei nye avtalene har ei ramme på 254 millionar kroner. Avtalene gir eit meir fleksibelt tenestetilbod til

pasientane i tillegg til betre mogelegheiter for samhandling med kommune, fastlege og anna spesialisthelseteneste. I tillegg får ein på plass nye og sakna tilbod som akutte tenester i krisesituasjonar, ambulante og oppsøkjande tenester og døgnplassar for stabilisering og utgreiing. Gjennom dei nye avtalene er det polikliniske tilbodet styrkt med 25 prosent samanlikna med tal frå 2009. I avtalene inngår totalt 173 døgnplassar.

Rehabilitering og habilitering

Talet på pasientar med langvarige sjukdommar og kroniske tilstandar aukar. Derfor er rehabilitering, habilitering og læring og meistring eit viktig satsingsområde. Helse Vest styrkte i 2010 habiliterings- og rehabiliteringstenestene i helseføretaka med om lag 20 millionar kroner.

For å supplere det rehabiliteringstilbodet som finst i helseføretaka inngjekk ein i 2010 nye avtaler om spesialiserte rehabiliteringstenester med fem private rehabiliteringsinstitusjonar i regionen. I dei nye avtalene er legedekninga og fagkompetansen styrkt, og innhaldet i tenestene har blitt meir differensiert.

Helse Vest etablerte i 2010 ei regional vurderingseining for rehabilitering. Formålet med vurderingseininga er å sikre at pasientar som blir tilviste til private rehabiliteringsinstitusjonar frå fastlegar og privatpraktiserande avtalespesialistar blir vurderte og prioriterte i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Vidare skal eininga bidra til å betre samordninga av tenestene til pasientane. Vurderingseininga er lagt til Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering som er lokalisert til Helse Bergen.

Forskning

Forskning er ei viktig oppgave for helseføretaka blant anna for å kunne tilby innbyggjarane i Helse Vest helsetenester av høg kvalitet. Helse Vest samarbeider med både universitets- og høgskolemiljø gjennom samarbeidsorganet for forskning. Forskningsproduksjonen i Helse Vest er stadig høg og stabil. I tillegg til auka produksjonsvolum, er det gledeleg at talet på publikasjonar med særskilt høg kvalitet også har auka i 2010 samanlikna med tidlegare år.

Helse Vest har kome godt i gang med kvalitetsregistersatsinga og har mange av dei nasjonale kvalitetsregistra. Fleire av dei gode forskingsresultata kjem frå desse registra.

Også i 2010 gjennomførte Helse Vest den årlege forskingskonferansen der det i tillegg til forskingsprisen blei delt ut ein nystifta innovasjonspris. Konferansen har som mål å stimulere til auka forskingsaktivitet i regionen.

Utdanning

Føretaka i føretaksgruppa er kunnskapsbedrifter som samarbeider med utdanningsinstitusjonane om utdanning av helsepersonell og kompetanseheving blant medarbeidarane. Det eksisterer ulike former for samarbeidsavtaler som regulerer innhald og omfang av praksisundervisning og praksisrettleiing.

Gjennom samarbeidet stiller føretaksgruppa og private institusjonar som har avtale med Helse Vest praksisplassar til disposisjon for studentar.

I 2010 blei det starta eit regionalt leiarutviklingsprogram. Hensikta med utviklingsprogrammet er å gjere leiarane



bevisste på utfordringane i helsesektoren, og å forankre prioriteringane og vegval i Helse2020, og ikkje minst bidra til fellesskapsfølelse og god verksemdkultur. Deltakarane i leiarutviklingsprogrammet har vore toppleiinga i føretaksgruppa.

Det er satsa mykje på e-læringskurs i Helse Vest. E-læring vil vere eit målretta tiltaksområde framover også. I 2010 blei det gjennomført omtrent 58 000 kurs i regionen, 43 000 av desse var e-læringskurs.

Opplæring av pasientar og pårørande

Ei av hovudoppgåvene til helseføretaka er opplæring av pasientar og pårørande. Eit viktig tiltak i så måte er lærings- og meistringssentra (LMS) for kronisk sjuke. Her kjem pasientar og deira pårørande for å få informasjon, opplæring og kurs som gjer dei betre i stand til å takle sjukdommen sin. Alle helseføretaka i vest har etablert velfungerande lærings- og meistringssenter, der tilbodet er utvikla i samarbeid med pasientane og tilpassa deira behov.

Fleire av helseføretaka har desentralisert lærings- og meistringsfunksjonen slik at tilboda skal vere lettare tilgjengelege for brukarane.

Brukarmedverknad

Dialog og samhandling med representantar for brukarane er særskild viktig for utvikling av tenestene. Det er etablert brukarutval i alle helseføretaka i Helse Vest. Det regionale brukarutvalet er pasientane sitt rådgivande organ ovanfor Helse Vest RHF. Hensikta med utvala er å sikre at pasientane kjem til orde i saker som påverkar helsetenestene, samtidig som helseføretaka får viktige innspel frå brukarane av tenestene. Utvalet uttaler seg i saker som vedkjem pasientane, og kan også på eige initiativ spele saker inn for Helse Vest. Det regionale brukarutvalet deltek også i viktig prosjektarbeid. Dei lokale brukarutvala samarbeider på liknande måtar med sine helseføretak.

Helse Vest fordelte i 2010 7,3 millionar kroner til 118 pasient- og brukarorganisasjonar. Helse Vest fordeler midlar til ulike pasient- og brukarorganisasjonar fordi dei driv eit viktig informasjons- og hjelpearbeid ovanfor medlemmene sine. Dette er tiltak som den offentlege helsetenesta ikkje tilbyr, men som er viktige for kronikarar og andre for at dei skal meistre situasjonen sin best mogleg.

Arbeidsmiljø

Per 31. desember 2010 hadde føretaksgruppa om lag 29 700 tilsette. Dette talet inkluderer også vikarar og mellombels tilsette.

Det er eit langsiktig mål at det samla sjukefråværet i regionen skal ned til 5,5 prosent. Ved utgangen av 2010 var det samla sjukefråværet på 6,8 prosent. Det er ein nedgang på 0,7 prosentpoeng i forhold til 2009. Det samla sjukefråværet i føretaksgruppa var i 2010 på same nivå som landsgjennomsnittet for alle næringer, 6,8 prosent. Innan Helse- og sosialtenester var sjukefråværet på 9,3 prosent, 2,5 prosentpoeng høgare enn sjukefråværet for helseføretaka i vest.

Sjukemeldt sjukefråvær var ved utgangen av 2010 på 5,8 prosent, ein nedgang på 0,7 prosentpoeng i forhold til utgangen av 2009. Gjennomsnittleg lengde for sjukemeldt sjukefråvær var 8,6 dagar ved utgangen av 2010, ein nedgang frå utgangen av 2009. Sjukefråvær frå 17 – 56 dagar utgjorde 3 prosent, mens sjukefråværet over 56 dagar var på 0,2 prosent. Over 61,5 prosent av einingane/avdelingane i føretaksgruppa har hatt eit samla sjukefråvær som var 5,5 prosent eller lågare.

Det blei innrapportert 2 043 uønska hendingar eller skadar i føretaksgruppa for 2010, mot 2 340 året før. Dei største kategoriane av hendingar og skadar er vald eller truslar mot medarbeidarar innan psykisk helsevern. Innanfor dei andre områda er det stikk, kutt, løft, klemming og fall som representerar dei uønska hendingane og skadane.

Føretaksgruppa arbeider systematisk med helse-, miljø- og tryggleiksspørsmål for å redusere både sjukefråværet og talet på skadar og uønska hendingar. Vernetenesta

er løfta særskilt fram i føretaksgruppa og har ein eigen strategi for perioden 2010-2014. Årleg blir det gjennomført to HMS-møte og kvar veke blir det gjennomført vernerundar i alle føretak.

Helse Vest har i 2010 hatt ei godt etablert og velfungerande samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. For ytterlegare å styrkje samhandlinga, blir det gjennomført to samlingar kvart år mellom det regionale helseføretaket, konserntillitsvalde, føretakstillitsvalde og verneombod. Tillitsvalde og verneombod deltek også aktivt i regionale prosjekt og konsernleiinga har månadlege møte med dei konserntillitsvalde og konsernhovudverneombodet.

Likestilling, integrering og mangfald

Helseføretak og sjukehus er kvinne-dominerte arbeidsplassar. Om lag tre fjerdedelar av dei tilsette ved sjukehusa og institusjonane i helseregionen er kvinner. Innan enkelte yrkesgrupper er kvinne-delen spesielt stor, mellom anna blant sjukepleiarar, hjelpepleiarar og reinhaldspersonale. Blant legar er mennene i fleirtal.

Det er store lønnskilnader mellom dei ulike yrkesgruppene i føretaksgruppa. Men dersom ein samanliknar lønnsnivå for menn og kvinner i same yrkesgruppe, er det vanskeleg å sjå ulikskap.

Det er eit mål for føretaksgruppa i Helse Vest at 6-10 prosent av alle medarbeidarane skal ha innvandrarakgrunn. Ved inngangen til 2010 var talet 8,1 prosent mot 7,7 prosent ved inngangen til 2009. Halvparten av desse er ikkje-vestlege innvandrarak.

Helse Stavanger har i 2010 hatt eit pilotprosjekt saman med NAV, Fylkeskommunen og Helse Vest RHF for å betre rekrutteringa av personar med innvandrarakgrunn til



ILLUSTRASJONSFOTO: COLOURBOX

helsefagarbeidarfaget. Dette prosjektet har vore vellykka, og det er ønskeleg at dei andre føretaka i Helse Vest også etablerer ei tilsvarande ordning.

Fleirtalet av medarbeidarane som arbeidar deltid i helseføretaka er pleiepersonell i turnusstillingar. Det er eit mål å redusere omfanget av ufrivillig deltid. Helse Vest har i 2010 oppretthalde kravet til helseføretaka om at det ikkje skal tilsetjast nye medarbeidarar før ein har auka stillingsbrøkane for dei som ønskjer det. Helseføretaka har også etablert tiltak og prosessar for å redusere bruk av deltid.

Helse Vest legg til rette for å fremme likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og å hindre diskriminering. Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for at likestillingslova og diskrimineringslova blir følgde.

Ytre miljø

Helse Vest RHF ønskjer å vere i første rekkje når det gjeld miljøarbeid i sjukehusa. Sjukehusa produserer mykje avfall og er storforbrukarar av ressursar som vatn og energi. Derfor er det viktig å ha høg fokus på miljøutfordringane.

Helse Vest har vore leiar for det nasjonale miljø- og klimaprojektet som leverte sin sluttrapport i desember 2010. I rapporten tilrår ein blant anna at det skal etablerast miljøeining og miljøstyringssystem i helseføretaka, med påfølgjande sertifisering etter ISO 14001-standardane.

Dei regionale helseføretaka har gjennom oppdrag frå helse- og oppdragsdepartementet blitt bedne om å vidareføre miljø- og klimaprojektet for perioden 2011 – 2014.

Rekneskapan og korrigert resultat

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 1 335,7 millionar kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 1 308,5 millionar kroner. I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på netto 842,9 millionar, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt over- eller underskot, slik at den tilsvarende eigenkapitalen deira. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapan slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger.

Resultatet som helseregionane skal målast på, er det rekneskapsmessige resultatet justert for 900 millionar kroner, som er kompensasjon for tidlegare udekkte kostnader til pensjonsforsikring. Det justerte rekneskapsmessige resultatet for

Helse Vest blei då kr 436 millionar i 2010.

Kravet frå Helse- og omsorgsdepartementet er at føretaksgruppa skal gå i balanse etter denne justeringa.

Finansiell stilling

Trass i underskota i 2002-2008 har Helse Vest RHF og føretaksgruppa framleis ein vesentleg eigenkapital. Denne blei styrkt i 2009 og 2010.

Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen i selskapet per 31. desember 2010 som solid. Helse Vest har derfor eit godt fundament for vidare verksemd. Det har vore nødvendig å ta opp driftskreditt med til saman 1 880 millionar kroner ved utgangen av 2010. Dette gir ein negativ verknad på finanspostane, som i 2010 viser ein netto kostnad på 61,4 millionar kroner.

Det er ikkje teke opp nye lån til investeringar i 2010. Ved utgangen av året utgjør langsiktige lån frå Helse- og omsorgsdepartementet 2 096 millionar kroner. Av dette er 168 millionar kroner byggjelån mens 1 928 millionar kroner er konverterte til langsiktige lån. Alle lån med ei nedbetalingstid på 20 år, rekna frå konverteringstidspunktet. Renta på dei langsiktige låna frå Helse- og omsorgsdepartementet er bunden i fem år til ei rente som varierer for dei enkelte låna frå 3,45 – 5,7 prosent. Frå 1. januar 2011 går bindingstida på dei eldste låna ut og låna vil deretter ha flytande rente til dei eventuelt blir bundne igjen. Lån under opptrekk (byggjelån), til saman 168 millionar kroner, har flytande rente. I 2010 var den flytande renta på byggjelåna 2,52 prosent første halvår og 2,76 prosent andre halvår. Inntil låna er konverterte, blir renta lagt til lånesaldo. Renta på driftskreditten er flytande.

Dei store helseføretaka i regionen har i perioden 2002 til 2009 gått med underskot kvart år med unntak av Helse Bergen, som gjekk med eit overskot på 52,6 millionar i 2009. I 2010 gjekk alle føretaka utanom Helse Førde med overskot. Årsaka til underskota var i hovudsak at kostnadene med den etablerte drifta og bygningsmassen har vore høgare enn tilskot og andre inntekter. Det blir stadig arbeidd med planar og tiltak for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammevilkåra.

Investering i dotterføretaka er i morselskapet bokført etter eigenkapitalmetoden. Ettersom dei



fleste helseføretaka i 2002 - 2010 har gått med underskot, og det er uvisst om helseføretaka i framtida vil gå med overskot som byggjer opp eigenkapitalen tilsvarande, er Helse Vest RHF si investering i dotterføretaka skriven ned like mykje som eigenkapitalen i dotterføretaka er redusert. Nedskrivinga har ingen konsekvens for rekneskapan for føretaksgruppa då den blir eliminert. Helseføretaka er innarbeidde etter kostmetoden i konsernrekneskapan og over-/underskota i desse føretaka er innarbeidd i resultatet for føretaksgruppa. Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest IKT har gått med overskot dei fleste åra slik at eigenkapitalen i desse selskapa er høgare enn innskoten kapital. Det har derfor ikkje vore nødvendig å skrive ned investeringa i dei selskapa. Helse Vest IKT har godskrive dei andre føretaka for det meste av overskota dei har hatt.

Felleskontrollert verksemd og tilknytte selskap er rekneskapsførde etter eigenkapitalmetoden. Overskot i slik verksemd er ført mot fond for vurderingsforskjellar. Fondet utgjør 17,5 millionar kroner ved utgangen av 2010.

Risiko for tap

Dei vesentlege inntektene kjem frå offentleg verksemd og risiko for tap er her låg. Når det gjeld andre inntekter er dei i stor grad retta mot private, noko som gir ein høgare risiko. Beløp fakturert til den enkelte er lågt og det reduserer risikoen for vesentlege tap.

Forskning og utvikling (FoU)

Forskning er ei av fleire lovpålagte oppgåver for helseregionane. Forskinga omfattar i hovudsak klinisk forskning. I tillegg til øymerka midlar til forskning frå Helse- og omsorgsdepartementet har helseføretaka finansiert delar av kostnadene til forskning over basisramma og det er også motteke gåver og tilskot frå andre kjelder til forskingsføremål.

Store delar av forskning og utvikling skjer som ein integrert del av den ordinære verksemda i helseføretaka, og det er vanskeleg å skilje ut kostnadene knytt til FoU. Det blir rapportert særskilt til NIFU (Institutt for studier av forskning, innovasjon og utdanning) på slik forskning og utvikling og kostnadene med dette. Frist for rapporteringa er 26. april 2011. Vi har førebels ikkje full oversikt over omfanget i 2010. I 2009 blei det rapportert om bruk av 327 millionar kroner til forskning i helseregionen i tillegg til 80,2 millionar kroner tildelt andre institusjonar enn våre helseføretak frå Samarbeidsorganet.

Det er særleg Innovest AS og Stavanger Helseforskning AS som administrerer desse midla.

Forskning og utvikling innanfor spesialisthelsetenesta skal framfor alt føre til betre metodar for diagnostisering og behandling. Resultata av FoU innan spesialisthelsetenesta fører i liten grad til lågare kostnader eller auka inntekter. FoU blir av den grunn kontinuerleg kostnadsført.

Helse Vest tildelte 127,9 millionar kroner til forskning gjennom Samarbeidsorganet. 120,9 millionar kroner av desse er rapportert nytta i 2010. I tillegg kjem infrastrukturkostnader dekte av helseføretaka sjølve og forskning finansiert frå andre kjelder.

Kontantstraumane i regionen

Kontantstraumoppstillinga viser at likviditeten i Helse Vest er betra med 297 millionar kroner i 2010. Det er investert for netto 1016 millionar kroner mens netto auka lån og driftskreditt var på 209,7 millionar kroner. Betringa har skuld i at det er generert meir midlar over drifta enn det har vore investert for. Dette gir betre rom for nødvendige investeringar framover.

Dei gjennomførte investeringane har som mål å effektivisere drifta og/eller arealbruken for å kunne møte framtidige utfordringar – i tillegg til å kunne

opprethalde aktiviteten. Kredittgrensa på driftskreditten er på 2,407 milliardar kroner.

Føretaket sine utsikter

Styret i Helse Vest RHF vil peike på at dei tilsette i føretaka arbeider godt og framtidsretta til beste for pasientane i regionen.

Over tid er det behov for at føretaksgruppa oppnår resultat på om lag 300-400 millionar kroner årleg for å kunne handtere planlagde ramtidige investeringar. For 2010 er målet eit resultat på 224 millionar kroner.

Staten garanterer for drift av spesialisthelsetenesta. Styret stadfestar derfor at føresetnaden for framtidig drift er til stades.

Styret presiserer òg at det normalt er vesentleg uvisse knytt til vurderingar av framtidige forhold. Dette på bakgrunn av blant anna renteutvikling og utvikling i lønns- og pensjonskostnader.

Stavanger, 13. april 2011

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Gunnar Berge
Styremedlem

Tom Guldhav
Styremedlem

Lise Karin Strømme
Styremedlem

Gisle Handeland
Styremedlem

Aslaug Husa
Styremedlem

Reidun Nyberg-Johansen
Styremedlem

Ohene Aboagye
Styremedlem

Kjartan Longva
Styremedlem

Gerd Dvergsdal
Styremedlem

Gro Skartveit
Styremedlem

Torill Selsvold Nyborg
Styremedlem

Herlof Nilssen
Administrerende direktør

RESULTATREKNESKAP

Heile 1000 kroner

Helse Vest RHF			Helse Vest Føretaksgruppa	
2009	2010	Note	2010	2009
13 348 742	13 220 215	2	13 220 215	13 348 742
4 072 363	4 432 517	2	4 875 559	4 467 790
308 162	310 572	2	1 048 544	1 035 756
17 729 267	17 963 304		19 144 317	18 852 288
17 159 403	17 235 900	3	2 853 566	2 867 448
o	o	4	2 044 559	1 934 877
47 736	48 935	5	9 796 558	10 845 360
4 061	4 027	8	939 514	930 210
o	o	8	55 778	871
250 553	249 403	6	2 057 227	2 029 528
17 461 754	17 538 265	2	17 747 203	18 608 293
267 513	425 038		1 397 114	243 995
161 140	158 207	7	87 125	81 498
137 285	-842 855	9	195	496
147 692	117 582	7	148 324	168 683
-123 837	883 479		-61 393	-87 681
143 676	1 308 518		1 335 721	156 314
1 515	2 586	14	4 590	2 385
142 161	1 305 931	14	1 331 131	153 929
143 676	1 308 518		1 335 721	156 314



BALANSE

Heile 1000 kroner

Helse Vest RHF		Helse Vest Føretaksgruppa			
2009	2010	EIGEDELAR	Note	2010	2009
		<i>Anleggsmidler</i>			
		<i>Immaterielle driftsmidler</i>			
o	o	Programvarelisensar	8	400 327	292 219
o	o	Sum immaterielle egedelar		400 327	292 219
